



POST 1

Ein rovfugl vil ete deg! Flyg og gøym deg bak noko og tel til 10 før du flyg vidare til post 2.





POST 4

Du krasjar inn i ein glasbygning. Flyg to rundar rundt posten mens du held vengane på hovudet.

No er du framme og ferdig med reisa!





POST 2

Det du trur er deilig mat viser seg å vere søppel, og du får vondt i magen. Legg deg ned, hald vengen på magen og rull til post 3.





POST 3

Det du trur er deilig mat viser seg å vere plast, og du får vondt i magen. Legg deg ned, hald vengen på magen og rull til post 4.





POST 3

Du møter kraftig motvind. Flyg baklengs tilbake til post 2. Flyg så vidare til post 4.





POST 2

Lyset frå ei fyrlykt gjer at du blir forvirra.
Flyg baklengs tilbake til post 1. Flyg så vidare
til post 3.





POST 4

Det er bygd eit parkeringshus på åkeren du brukte som rasteplass i fjor. Du blir forvirra. Flyg to store rundar rundt posten.

No er du framme og ferdig med reisa!





POST 1

Du møter ein snøstorm. Flyg fem rundar rundt posten, og legg deg ned på bakken for å kvile. Tel til 10 før du flyg vidare til post 2.





POST 1

Du møter eit skikkeleg uvêr. Flaks fem rundar rundt posten, og legg deg ned på bakken for å kvile. Tel til 10 før du flyg vidare til post 2.






POST 4

Det er bygd eit kjøpesenter på stranda du brukte som rasteplass i fjor. Du blir forvirra. Flyg to store rundar rundt posten.

No er du framme og ferdig med reisa!





POST 2

Det er sett opp masse vindmøller som sperrar flyruta. Du blir forvirra. Flyg feil veg tilbake til post 1. Flyg så vidare til post 3.





POST 3

Du møter eit skikkeleg regnvêr. Flaks fem rundar rundt posten og legg deg ned på bakken for å kvile. Tel til 10 før du flyg vidare til post 4.





POST 3

Du set deg fast i eit fiskegarn. Du kjem deg laus, men skadar beinet. Hink til post 3.





POST 2

Nokon prøver å jakte på deg. Flyg og gøym deg bak noko og tel til 10, før du flyg vidare til post 3.





POST 4

Det er bygd eit hotell på stranda du brukte som rasteplass i fjor. Flyg to store rundar rundt posten for å finne ein ny rasteplass.

No er du framme og ferdig med reisa!





POST 1

Du krasjar inn i ein høgspenteleidning og skadar vengen. Hopp opp og ned fem gongar mens du held deg på vengen. Flyg til post 2.

